

## Baren åpen for klimakamp

**I**ngen av de tre største partiene er interessert i at klima blir et viktig valgkamppema. Verken Ap, Frp eller Høyre har stort å by på når det gjelder klimapolitikk. Derfor er det gledelig at andre mektige aktører bringer temaet opp på valgkamptoppen. Både forskere, næringslivet og folket later til å være mer opptatt av en klode i krise enn mange ledende politikere.

**Før helgen** la Senter for klimastrategi ved Handelshøyskolen BI fram rapporten «Partienes klimapolitikk 2005-2009 – Løfter og leveranser» BI-professor Jørgen Randers er ikke imponert over funnene. Riktignok gir Randers Arbeiderpartiet ros for å ha vedtatt betydelige CO<sub>2</sub>-kutt. Men partiet satser fortsatt på økt petroleumsproduksjon,

kvotekjøp og kostbar karbonfangst, framfor å vise verden hvordan et rikt land kan kutte egne utslipp. Dette er for dårlig, mener professoren.

«Hvis klima er viktigst, stem SV», sier Randers. Det er ikke hverdagskost at forskere og professorer tar så direkte standpunkt i en valgkamp. Det står likevel stor respekt av at folk som har betydelig kunnskap bryter med puritanske prinsipper i en så viktig sak som klimaet. På tredelt andre plass plasserer Randers Sp, Venstre og KrF. Deretter følger Ap og Høyre, mens Frp tar sestet plass.

**Ledende energiselskaper** som StatoilHydro, Statkraft og Fred. Olsen, gir også norsk klimapolitikk strykkarakter. Selskapene satser nesten utelukkende på utvikling og produksjon av for-

### Oppsummert

#### Smått fra de store

**1** Klimaprofessor Jørgen Randers mener Ap, Frp og Høyre er dårligst på klimapolitikk.

#### Satser utenlands

**2** Norske energiselskaper utvikler ny fornybar energi i andre land, der myndighetene gjør det lønnsomt.

#### Politikerne henger etter

**3** Nordmenn flest er villig til å satse mer på klima. Klima bør bli viktig i valget.

nybar energi utenfor Norges grenser. Bedrifter som satser på nye energiformer som vind- og bølgekraft, får dobbelt så mye støtte i Storbritannia som i Norge. Dette kan bare tolkes som manglende norsk politisk vilje.

**Den største viljen** til å drive aktiv klimapolitikk her i landet finner vi antakelig blant folk flest. Tidligere i år viste en undersøkelse utført av Nordstat at to av tre nordmenn er positive til utbygging både av flere fosser og mer vindkraft. I en undersøkelse fra TNS Gallup svarer seks av ti at Norge i for liten grad satser på fornybar energi.

**Alle disse velgerne** vil neppe stemme SV. Baren er åpen for politikere som vil gjøre klimapolitikk til et av valgkampens viktigste temaer.

SAGT

av andre



Ola Borten Moe. FOTO: SCANPIX

#### Ola Borten Moe

\* «For Sp-leder Liv Signe Navarsete må partiets førstekandidat i Sør-Trøndelag, Ola Borten Moe, være en løs kanon på dekk. Men Borten Moe er i mange saker i nærmere kontakt med virkeligheten enn partilederen.»  
**VG på lederplass**

#### Lars Sponheim

\* «Jeg blir glad for at han tar det så alvorlig, særlig fordi han er så ung. Det gjør at han har stor sjans for å leve godt og lenge.»  
**Helseminister Bjarne Håkon Hanssen om Lars Sponheim som diabetiker. Sponheim regulerer ifølge VG sykdommen med streng diett og fast trening.**

#### Siv Jensen

\* «Ifølge Siv Jensen skal eldreomsorgen overtas av folketrygden og finansieres ved å kutte u-hjelp og fjerne presesøtten. Så folk flest slipper å lese om nød og elendighet i lokalavisene.»  
**VG på lederplass**

#### Jens og Jensen

\* «Han er middelaldrende (50) og hun er forholdsvis ung (40). Han er mørk med grå stenk i håret. Hun er blond. Han er gift og har tre barn. Hun er ugift og barnløs. Det eneste de har til felles er at de begge er vokst opp på Oslos vestkant, og at de trimmer for å holde seg i form.»  
**Arne Strand, politisk redaktør i Dagsavisen**



Nationen arbeider etter Vær varsom-plaktens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale bes ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige Utvalg (PFU) er et klageorgan som behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål. PFU holder til i Oslo, tlf: 22 40 50 40. Epost: pfu@presse.no

## Finst grend og granne?

### DAGENS GJEST

**Finst grendene?** Lat meg leike med tanken om å stille dette spørsmålet til mine kollegaer. Eg har nemleg ei sterk kjensle av at svaret dei ville gitt meg ville ha vore svært kontekstavhengig. Hadde eg spurt på lunsjromet på Bygdeforskning ville nok dei fleste svare «Ja visst finst det grender!», men hadde eg stilt spørsmålet under ein fagleg sesjon på ein bygdesosiologisk konferanse ville nok fleire kome opp med referansar til Ulrik Beck, Anthony Giddens og Scott Lash som hevdar at det i det seinmoderne eller høgmoderne samfunnet har skjedd ei svekking av kollektiv identitet, stadskjensle og klassemedvit.

**Resonnementet til desse** tre knektane er langt frå nytt, det har på mange måtar prega bygdesosiologien i generasjonar. Ved berre eit enkelt søk kan ein spore dette atende til Georg Simmel sin studie av urbanisme og til Louis Wirth som begge meinte at modernisering og urbanisering ville øydelegge dei personlege og varige relasjonane som kjenneteiknar dei rurale samfunna og erstatte dei med fragmenterte, flyktige og upersonlege band.

**Amerikanaren Roland Warren**

lanserte i 1963 sin teori om «The Great Change». Der hevda han at dei rurale samfunna vil verte meir differensierte og den enskilde i stadig større grad vil lenke seg opp mot større system som ligg utanfor lokalsamfunnet. Dette vil svekke dei lokale banda som ein gong femna om mesta alt som skjedde i lokalsamfunnet. Over tid vil dette også svekke verdien av lokalsamfunnet i folk sitt daglegliv og det som til slutt tel er det som skjer utanfor lokalsamfunnet. Samstundes med Warren sin store endringsteori kom også teorien om «The Mass Society» som i motsetnad til Warren såg endringa som ein fordel for lokalsamfunnet. Mass society tesen leverte eit sterkt argument for å forlate det territorielle som har vore vanleg for definisjonen av eit lokalsamfunn og heller studere korleis folk vert innlemma i eit felles verdisystem med trådar ut mot eit større samfunn. For ifylgje mass society-teorien er ikkje lokalsamfunn lenger eins med det lokale samfunnet.

**Eg får lyst** å svare slik far min pleidde gjere når eg hadde lagt meg i selane å framsett eit etter mitt syn godt argument, men som han likevel tykte ganske enkelt ikkje var relevant. «Ja ja, alt det der er då vel og bra». For me veit likevel at grendene finst. Me veit at det finst



Bjørn Egil Flø

forskar ved Norsk senter for bygdeforskning

### EKSISTENS

«Eg seier ikkje at teoretikarane ikkje kan lære meg noko. Eg seier berre at grendesamfunnet finst. Sjølv om det nok er svekka og sjølv om svekkinga nok vil halde fram lenge enno, sjølv om me må rekne med at svekkinga kanskje til og med vil skyte fart, så finst altså grendene – enn så lenge.»

grendesamfunn kring om i landet der det kollektive medvitet eksisterer og der relasjonane er både varige og personlege. Me veit at «vi-kjensla», som Reidar Almås kallar det, finst. Me veit at folk samlast på grendehusa kring om, at dei går på besøk til kvarandre, at dei låner verktøy og arbeidshjelp av kvarandre, at borna i grenda leikar i lag. Me ser det kvar gong me vitjar grendene. I skrivande stund er det berre dagar sidan eg var i ei slik grend og held foredrag der heile grenda hadde gått mann av huse for å vere med på bygdemobiliseringsmøte med tilhøyrande grendefest. Folket ute i grendene er i stadig sosial interaksjon med kvarandre, dei har jamleg kontakt og veit mykje om grannane sine. Det er som Olve Krange skriv i si avhandling; «Du skrev om Oslo City og leste postmoderne teorier om at tegnene ikkje lenger hadde referanse til noe utenfor seg selv [...] Du dro til Oslo City, og oppdaget at de postmoderne teoretikere hadde lite å lære deg...».

**Nei da, eg seier ikkje** at teoretikarane ikkje kan lære meg noko. Eg seier berre at grendesamfunnet finst. Sjølv om det nok er svekka og sjølv om svekkinga nok vil halde fram lenge enno, sjølv om me må rekne med at svekkinga kanskje til og med vil skyte fart, så finst altså grendene – enn så lenge.